


# SISTE INDRE

*Vi er gode nyheter*

**"TRIVELIG PÅ SAMMEN-HELG"**



# Kornelius

Peter er på reise rundt i Israel og forkynner den korsfestede og oppstårte Jesus. Det er antakelig bare gått noen få år etter at Jesus reiste opp til Himmelten og disiplene begynte sitt misjonsoppdrag. Peter forkynner i byen Lod, ikke så langt fra dagens Tel Aviv. Så kommer noen fra kystbyen Jaffa og får Peter med seg til sin hjemby der Gud gjør et stort under ved å vekke opp ei død kvinne. Peter får husly i byen i et hus helt nede ved Middelhavet, og nå skal et nytt kapittel i Guds redningsaksjon begynne.

I den romerske kystbyen Cæsarea, litt lenger nord, bor en romersk militærleder som heter Kornelius. Han er ikke jøde, men har nok hørt så mye om Israels Gud at han daglig ber sine bønner til ham. Kanskje han også ba kveldsbønn med barna sine? I tillegg til å være en åndelig og søkende mann, var han preget av nestekjærlighet. Han gav til fattigfolk og tiggere.

Så forteller Bibelen oss (Ap.gj. 10) at Gud følger med på Kornelius, og setter Himmel og jord i bevegelse for å gi frelse og fred til Kornelius. Gud setter sin plan ut i livet i 15-tiden en ettermiddag når Kornelius er i bønn. Da sender Gud en engel på besøk til Kornelius og ber ham påkalle Peter fra nabobyen Jaffa i sør, og gir ham beskjed om hvilket hus Peter oppholder seg i for tiden. Tre menn blir sendt til Jaffa for å finne Peter. Neste dag har Peter ei bønnestund på takterrassen i garveren Simons hus nede ved havet. Klokka er 12, det er midt på lyse dagen, men Peter opplever en henrykkelse der Gud taler til ham og gir ham lærdommer med drama og film som pedagogiske virkemidler som Peter får se tre ganger. Da forstår Peter at Gud varsler en endring og tar bort noen begrensninger, men Peter kjenner seg forvirra og står egentlig som et spørsmålstegn der på taket. Før han kommer

til noen forståelse av hva dette skal bety, får han en ny instruks av Ånden som sier at han skal bli med de tre menn som kommer for å be ham med seg på et oppdrag. I samme øyeblikk ropes det i gangene oppover i Simons hus etter Peter. De tre mennene står nede i inngangspartiet og har sagt at de vil møte Peter med tilnavnet Simon. Peter kommer ned, møter dem, hører hvilket oppdrag de er ute på, og ender opp med å be dem inn og gi dem husrom til neste dag i huset på strandtomta som han selv var gjest i. Neste dag setter Peter kursen nordover sammen med noen av sine medarbeidere og de tre utsendingene fra Kornelius.

I Cesarea bruker Kornelius dagene mens han går og venter på Peter og hans budskap til å kalle sammen sine slektninger og nære venner. Han er varslet om at når den ukjente mannen han har invitert kommer, skal han få høre ord som skal totalforvandle ham. Dette vil han at hans egen familie og vennekrets skal få oppleve. Så har han nok samlet kone, barn, forskjellige andre venner, kolleger i hæren, naboor og kanskje noen fattigfolk han hadde fått hjerte for. Det er nok kanskje en brokete forsamlingshus, men kanskje ikke en eneste jøde? Kanskje var det bare folk som representerer fienden, okkupasjonsmakten til stede? Samtidig får vi vite at Kornelius er godt likt av jødene. Selv om vi ikke har noen gjesteliste foran oss, vet vi at jøden Peter nå var på vei inn i et hus og til et persongalleri han ikke hadde sett før seg at han skulle forkynne Jesus og evangeliet til. Kornelius så på dette som det naturligste av alt. De som stod ham nærmest, de som var glad i ham, de måtte få det glade budskap så fort som mulig. Han trodde at han endelig skulle få høre håpets livsforvandlende ord, og det unte han sine aller

nærmeste også. Det var ikke sikkert at alle var like forventningsfulle som Kornelius selv til Peters ankomst og forkynnelse, men alle merket nok hvordan Kornelius gledet seg. Dette var større for ham enn alle oberster og generaler fra romermakten som hadde besøkt Cæsarea. Nå kom en utsending som Himmelten og den allmektige Gud sendte, med ord og befalinger som skulle gi liv, håp og frelse.

Er du klar over hvilken påvirkningskraft du kan ha på dine slektninger og dine nærmeste venner? Indremisjonstanken er at vi lettest kan nå dem som står oss nærmest. Kornelius planla og gjennomførte et indremisjonsmøte i sitt eget hjem. Hvem hadde du invitert om du var i Kornelius sine sko? Bruker du ditt hjem til å dele evangeliet?



Indremisjonsforbundet i Rogaland  
Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg  
Tlf. 51 79 38 80  
Nettside: imfrogaland.no  
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:  
Anne Berit Aarsland 977 67 073  
Terje Slettebø 51 79 38 80  
Anne Birgitte Auestad 920 90 232  
Tore Nesvåg 915 49 912  
Monica Pollestad 416 80 773

**Kretsleiar**  
Torgeir Lauvås  
Tlf 971 71 745

**Kretsstyreleider**  
Egil Vigdel  
Tlf 464 11 819

Bankgiornr.  
8220.02.80101  
**VUPPS** # 21841

**SISTE INDRE**  
Organ for ImF-Rogaland  
Tilslutta Indremisjons-  
forbundet  
Kjem ut 5 gonger årleg  
Kontingent kr 250,-  
Redaktør: Torgeir Lauvås  
Sats: Tubb  
Trykk: Lura Trykkeri

**OGNATUN**  
Mjølhusvegen 70  
4364 SIREVÅG  
Tlf. 51 79 38 88  
  
Direktenummer  
Tove Braut 51 79 38 88  
Heimeside: ognatun.no  
Epost: ognatun@imf.no  
  
Avdelingsleiar:  
Tove Braut Tlf. 951 00 842

## «For vi har vår borgarrett i himmelen, derifrå ventar vi Herren Jesus Kristus som frelsar». Fil 3,20

For det moderne mennesket ligg det ofte naturleg å samla seg skattar på jorda. Det med å vera opptat av det materielle og det verda kan by på er derimot ikkje noko nytt fenomen. Bibelen åtvarar oss mot kjærleik til pengar. Matteus seier det rett ut: «Samla dykk ikkje skattar på jorda, der mol og makk øyder, og tjuvar bryt seg inn og stel.» Det er mange som strevar det dei kan for å samla mest mogleg pengar og gods til seg og sine. Ein dag vil det vera slutt på tida her på jorda. Då vil ikkje tunga på vektskåla vera kor mykje pengar du har på konto, eller kor mykje eigedom du har sopt saman. Nei, når du står ved ditt siste vegskilje så er det ikkje dine oppsamla inntekter som tel, men kor du har din borgarrett. Er du ein av dei som

har satsa alt på rikdom og lykke i ditt jordiske liv, eller er du ein del av det folket som er på vandring?

Det er ein kjent song som beskriv denne situasjonen. Det lyder så:

*«Her jeg vandrer som ein pilgrim  
gjennom verdens fremmedland.  
For jeg har mitt rette hjemland,  
bakom flodens dunkle strand.  
Og jeg så engang i ånden, him-  
lens herlighet og glans.  
Sådan skjønnhet overgår all  
jordisk sans.»*



Bjarne Ydstebø

## Takk Frøydis!

Når Frøydis Aarsland 30. jun, blir førtidspensjonist og avsluttar sitt arbeid i ImF-Rogaland kan ho sjå tilbake på 9 år og 4 månader som tilsett i ImF-Rogaland.

Som leirkonsulent på barne- og ungdomsavdelinga har ho hatt ein viktig oppgåve for å leggja til rette for leirane på Ognatun.

Tusen takk for det flotte arbeidet du har utført alle desse åra, og takk for ditt positive bidrag inn i arbeidsmiljøet. Vi ynskjer deg Guds rike signing over framtid!



## • Tre nye T2-studentar



Ragnhild Olsen.



Kristina Ødegård.

Til hausten vil 3 av T2 studentane på Bildøy Bibelskule ha praksisplass i Rogaland.

Ragnhild Olsen og Kristina Ødegård skal ha ein praksis i Bjerkreim. Bjerkreim bedehus, Vikeså Misjonshus og Den norske kyrkja samarbeider om dette prosjektet og Ragnhild og Kristina vil delta på mykje av det kristne barne- og ungdomsarbeidet i Bjerkreim det neste året.

Solveig Marie Sekkeseter vil ha sin praksis i ImF/Nor forsamlinga på Nærbø.

Som T2 studentar (andre års studentar på Bildøy) har studentane undervisningsbolker på skulen og er utplassert i



Solveig Marie Sekkeseter.

praksis i 22 veker i løpet av skuleåret. Dei lokale stadane som tek imot studentane har det økonomiske ansvaret for dei, ImF-Rogaland koordinerer og har personalansvaret.

t.s.

# *Stor bredde i aktivitetstilbodet!*

Musikal med SEVEN-jentene, konsert med Justified, misjonstivoli, bibeltimar og møter var viktige programpostar under ImF-Rogaland si Saman-helg med årsmøte 5.-7. april på Ognatun.

► Av Terje Slettebø

I tillegg var det samlingar med Speedleirer, Jesus-fest og venne-fest for barna. Med oss som talar for barna hadde vi Lise Marie Thu-estad Litlabø frå Indremisjonssamskipnaden. Ungdomane hadde også eigne samlingar der dei melom anna var med på ungdomstreff på Brusand bedehus. Her var det mange som deltok frå Brusand og Varhaug så dette vart ein flott laurdagskveld for ungdommane.

## Årsmøte

Og inn i eit hektisk program var 56 utsendingar frå kretsen samla til årsmøte laurdag ettermiddag. Årsmeldinga viste at leiarbeidet på Ognatun er eit viktig arbeid for ImF-Roga-



*Musikal med SEVEN-jentene.*

land og at forsamlingsbygging på bedehusa har stort fokus.

## Økonomien

Rekneskapen for kretsen viste eit overskot på 500 000 kr. Dette gode resultatet skyldast ein større testamentarisk gåve. Resultatet av drifta i 2018 var eit underskot på 400 000 kr. Og dette vart det uttrykt bekymring for i årsmøte, og den økonomiske utfordringa vil vera ei viktig sak for det nye kretsstyret. Årsmøte kunne gleda seg over god drift på leirstaden Ognatun og eit driftsresultat i balanse.

## ImF-Rogaland i framtida!

I siste del av årsmøte vart utsendingane utfordra til å samtale om kva som vil vera det viktigaste ImF-Rogaland skal driva med i framtida. Og dette skulle konkretiserast i prioritert liste på spørjeskjema. Resultatet viser at leiarbeidet, forkynnunar til barn, unge og vaksne og leiartrening er det dei fleste ynskjer skal bli prioritert. Andre oppgåver som også får stor tilslutning er forsamlingsbygging, diakoni, konfirmantarbeid, Alpha-kurs og å utruste til evangelisering.

## Val

Etter valet er kretsstyre samansett slik: Torbjørn Walderhaug, Sunde, Håkon Haugland, Nærø, Torunn Ivesdal Gjedrem, Bjerkreim, Geir Inge Byberg, Bore, Egil Vigdel, Ræge (att-

val), Tarald Gudmestad, Nærø (attval), Edel Refve Hauge, Klepp stasjon (ny) og 1 vara Inger Klungland Tynning, Orstad (ny)

## Misionstivoli

Medan utsendingane samtalte om årsmøtesaker var nærmare hundre barn og vaksne med på misjonstivoli på uteområde til Ognatun. Her var det hoppeslott, bruskasseklatring, ansiktsmåling, lykkehjul og mykje meir.

## Konsertar

Det som samla mest folk denne helga var konsertane. Laurdag kveld var møtesalen på Ognatun nesten fullsett med både ungdommar og godt vaksne. Justified formidla



*Bruskasseklatring er alltid populært.*



*Konsert med Justified.*



Kretsstyre etter årsmøte, foran frå v: Inger Klungland tynning, Torunn Ivesdal Gjedrem, Edel Refve Hauge, og Torgeir Lauvås, kretsleder.  
Bak frå venstre: Torbjørn Walderhaug, Geir Inge Byberg, Egil Vigdel, formann, Håkon Haugland og Tarald Gudmestad.

evangeliet om Jesus gjennom contry-musikk. Ogå SEVEN-musikalen «Det sanne lys» søndag føremiddag trekte bra med folk.

#### **Etter dette**

Rektor på ImF sin Bibelskule på Bildøy, Gunnar Ferstad, var talar for dei voksne. Fredag kveld tok han utgangspunkt i Joh 6.66 «Etter dette drog mange av læresveinane seg unna og gjekk ikkje lenger ikring med han.» Og Ferstad stilte det ransakande spørsmålet utover forsamlinga; -Kor lenge har du tenkt å vera kristen? Statistikken fortel at 7 av 10 kristne tenåringer sluttar å fylgja Jesus etter tenåra. Så dette spørsmålet er veldig relevant for alle som driv kristent arbeid.

#### **«Det vanskelege»**

I teksten i Joh 6 er det bodskapen om at Jesus er brødet frå himmelen som er så harde ord at mange forlet Jesus. Bibelskulerektoren nemnte også at Joh 3 16 kan vera for harde ord for nokon. Han oppfordra vidare tilhøyrane til å ha ei tru med så sterke røter at den toler å møte «det vanskelege»; -For nokon kan det eit møte med sjukdom, ulykke eller død føre til at ein forlet trua. Andre kan mista trua i møte med «det akademiske», og for nokon kjem der eit etterpå der det er vanskeleg å tru på Jesus når ein har møtt grenseoverskridande handlingar hjå andre menneske, sa Gunnar Ferstad.



Her gjelder det å holde ballansen.



Luftgevær er spennende og tøft. Både for gutter og jenter.

#### **Gjevartenesta**

På laurdag føremiddag var gjevartenesta tema for Bibeltimen. Ferstad minna om at det er viktig med gode førebilete. Det er mange før oss som tok gjevartenesta til misjonen på alvor og vi har mykje å læra av dei. Gjevartenesta skal vera planmessig, vår gamle natur treng struktur.

#### **Medvandring**

Medvandring var tema for Bibeltimen laurdag ettermiddag. Gunnar tok utgangspunkt i Luk 24 og forteljinga om Emmaus-vandraren. Han oppfordra til at vi alle fant ein annan person som vi regelmessig møtte, delte liv med, bad saman med og heldt kvarandre ansvarleg. Dette vil kunna vera til stor hjelp i kristenlivet.

#### **Brennande hjarta**

Overskrifta for møte på søndagen var «Skriv din historie med mitt liv» Gud ynskjer å bruke våre liv til å nå fleire menneske med sin kjær-

leik og frelse. Gud bruker einskildpersonar når han skriv si historie, vart det understreka i talen, og Gunnar peikte vidare på; -Gud skriver sin historie med dei brennande hjarta! 2. Mos 2.3 Eg har sett nauda seier Gud, og Gud og Moses ser den same nauda.

#### **Kan ikkje stoppe!**

Så er det lett å spørja! Kva har eg i hendene som Gud kan bruka til å skriva si historie? Gunnar Ferstad svara på dette med å sei; -Gud brukar ofte det ufullkomne og Gud kan bruka deg med det du er og har. Gud utsrustar for å skrive si historie. Dette kan ikkje stoppe nå med oss, avslutta Gunnar Ferstad med ettertanke.

#### **Vidare**

Samanhelga vart avslutta med felles middag. Det var godt med folk rundt borda i matsalen og vi kunne kjenna på fellesskap og at vi er mange som vil vera med å føra indremisjonsarbeidet vidare.



Godt drøs rundt borene.

# Bygland bibel- og naturcamp 2019 -bibel, fisking og lyrikk

Bibel- og naturcampen 2019 gjeng i år av stabelen frå sundag 30.juni til sundag 7.juli.

► Tekst og foto: Olav Nilsen

I år er det Arnfinn Norheim som har bibel-timane, medan Halvard Myhren tek seg av kveldsmøtene.

Arnfinn Norheim var i fleire år tilknytta Bildøy bibelskule - både som lærar og rektor.

Halvard Myhren var dei 22 siste åra av sitt yrkesaktive liv pastor i Arendal frikyrkje. Blant folk flest er han nok mest kjend for å ha skreve fleire kristne bøker. Men det er kan hende alle dikta hans - over 2000 i talet - som har sett størst spor etter seg. Difor er det heilt naturlig at årets kulturveld onsdag 3.juli vert ein dikt- og lyrikk-kveld med Halvard Myhren. Då vert Charlie Blackwater med og set det musikalske avtrykket. Han vert rekna som ein av Skandinavias beste utøvarar på munnspele, og har vore eit fast og kjært innslag på Bibel- og naturcampen gjennom mange år.

Det har og songaren Vera Henriksen vore. Ho bur til daglig i Sør-Spania, men tek kvart år turen opp på camp'en, og gler oss med sin djupe fagre stemme i varm framføring av dei gode gamle bedehus- og vekkelsessongane. I fjor gav ho ut CD'en "Some pretty day", og den vert sjølv sagt å få kjøpt i år og.

I år som i fjor tek Edvard Foss seg av ungdomane, medan Regine Austegard og Kristine Olsson endå eit år leier barnehøtter og andre aktiviteter med stødig og god hand. Desse to unge kjekke jentene brenn for at borna og ungdomen skal verta kjend med Jesus, og det merker me så godt både i ord og handling!



Dampbåten Bjoren, som drives av vedfyring, er verdt en tur når du er på Bygland.

Ingen bibel- og naturcamp utan den årlege fiskekonkurransen, og minst 2-3 turar må til innover dei fagre Setesdalsheiene der KVS Bygland rår grunn over store areal, og med to koselege hytter ein kan slå seg ned ved og nyta nistepakka medan ivrige fiskarar i alle aldrar tek opp den eine auren etter den andre..

Mange gilde Vestlendingar er trufaste deltagarar på camp'en år etter år, og for dei er skogens konge eit eksotisk innslag dei gjerne vil sjå.

Då tek me dei med til Elgtun ved Landesko- gen i Grendi, der ein er garantert å få treffa elg på eit stort innegjerdja område, og der store og små attpåtil kan vera med å mata dei til festsette tider.

Laurdag 6.juli kl.12.00 er det duka for det årlege Misjonsløpet, og der me over nokre år tilsaman har fått inn fleire hundre tusen til vedlikehald og oppussing av skulens omfattande og moderne bygningsmasse.

KVS Bygland byr på flotte internatbygg til overnatting, og full kost og losji for dei som vil ha det.

Veljer ein den enklare varianten er det god plass både til campingvogner, campingbiler og telt!

Vil du vita meir, gå inn på heimesida [www.bibelnaturcamp.no](http://www.bibelnaturcamp.no), sjå våre Facebooksider, mail oss på [kbnilsen@hotmail.com](mailto:kbnilsen@hotmail.com), eller ring på telefon 982 99711 for meir informasjon og påmelding!

Velkommen til Bygland Bibel- og naturcamp 2019!



Gode fiskemuligheter.

Her er også aktiviteter for barna.



# Nytt frå Ognatun



Sitteplass i ny leilegheit.



Zip-line på Ognatun.

## Nye rom er tatt i bruk

I påsken vart dei 8 nye romma i underetasjen på internatbygget tatt i bruk. Her er 7 dobbeltrom og ein einroms leilegheit. Dette er ein flott tilvekst på overnattingskapasiteten på Ognatun. Desse romma kan også leigast av einskildpersonar, familiar og grupper for ferieopphold eller anna utan at det er ein del av eit arrangement på Ognatun. Ta kontakt med Ognatun om du er interessert i å leige!

## Zip-line

Ved sida av fotballbanen er det nå blitt montert Zip-line. Vi håper den vil bli til glede for mange som er på leir og andre arrangement på Ognatun.



Kjøkkenet er enkelt, men funksjonellt.



Nytt standardrom.

## SONG OG MUSIKK-HELG FURUTANGEN 7.-9. JUNI

FREDAG: 19.30 Songmøte 22.00 «Min song»

LAURDAG: 10.00 Bibelsamling 15.00 Bryggjebasar 19.00 Songmøte 21.30 Konsert

SUNDAG: 10.30 Songmøte

Synnøve Aanenesen



Bryggje-basar  
med grilling  
laurdag kl 15.00

Talar: Wenche Lunde

Unni Vignes



Rett kurs



Arne Pareli



Asbjørn Sivertsen



Fjordingane

Sal av grillmat og drikke etter møta.

Det blir eige opplegg for borna laurdag kl. 10.00 og sundag kl. 10.30.

Bestilling av rom / måltid: Ring tlf. 90642479/ [j.halsne@imf.no](mailto:j.halsne@imf.no)

Det er gode fortøyingsplassar for båtar og plass til campingbilar.

Det blir kollekt på møta til ImF Rogaland

 imf Rogaland

# Ynskjer å vera ein tryggleik for ungane



-Små detaljer er viktige for korleis eit barn opplever det å vera på leir. Nokon treng ein klem, andre ei hand å holde i eller eit fang å sitja på. Andre treng å bli sett ved å få eit kompliment eller eit oppmuntrande smil.

► Av Terje Slettebø

Dette seier Lillian Skarding frå Klepp stasjon som dei 5 siste åra har vore leirmor på Ognatun på 3 leirar kvart år. Ho var også deltagar som liten på leir på Ognatun og har gode minner frå den tid. Vi merkar at ho brenn for leirarbeidet; -Det er når ungane er små dei er mest mottakelege for haldningar og verdiar. Det er ei livsviktig oppgåve å fortelje evangeliet om Jesus til dei små som er opne for bodskapen. Og dette trengst meir enn nokon gong for når vi ser rundt oss i samfunnet, og i skulen er det mindre fokus på det kristne innhaldet i høgtider som påske og pinse, seier Lillian.

## Tryggleik

Som leirmor fortel Lillian at ho får vera ein tryggleik for ungane på leir. Ho blir ein erstatning for mor, set på eit plaster når det trengst, trøystar når nokon ikkje får sove om kvelden. Og ho prøver å fange opp dersom nokon blir gåande litt åleine, og kan halda i ei hand når det trengst. Som leirmor har ho ikkje pålagte oppgåver og kan mingla



Lillian får energi av å vera i saman med barna på leir.

med deltagarane og vera tilgjengeleg.- Ungdomane som er med som leiarar gjer ein fantastisk jobb, men det gjev ein tryggleik for deltagarane at eg som voksen og er der og kan vurdera situasjonar når noko skjer, opplever ho. Som leirmor prøver ho også å sjå ungdommane som er leiarar og vera til stades for dei.

## Energi

Lillian Skarding har full stilling som lærar på Orre Skule, er i år kontaktlærar for 1. klasse. På heimebane er ho mor til 3 barn frå 13 -21 år. Likevel prioriter ho tre helger i året som leirmor på Ognatun. -Eg kan vera sliten på fredagen etter ei arbeidsveke, men når eg kjem inn dørene på Ognatun og ser ungane og dei andre leiarane får eg uforklarleg energi, som eit mysterium. På leirane kan det også bli lite søvn, men eg er ikkje utsleden når eg kjem heim på søndagen. Noko eg ofte kan vera etter ein dag som lærar på skulen, smiler læraren.

## Indre drive

Ho opplever oppgåva som leirmor veldig meiningsfull, ho kjenner ein indre drive og at dette gjev ho noko tilbake. Ofte får ho koselege samtaler i fortalegheit. Mange spør om ho er mor til alle på leiren, om ho har så mange ungar, og mange trur ho er gift med «leifar». Som leirmor kan ho ikkje vera «snusen» og det får også ungane til å slappe

av rundt henne. Og som voksen bruker ho ikkje ironi overfor ungane på leir for at dei skal kunne vera trygge på henne.

## Ingen eksamen

Kven kan vera leirmor (og leifar)?

- Ein må vera glad i ungar, litt sensitive til signal som ungane gjev. Vera tydeleg og kunna setja grenser og gripe inn når det trengst. Det er ein fordel å vera smilande og det kan vera godt å ha erfaring som mor (far) sjølv men det går godt utan også. Her trengst ingen eksamen, og Lillian oppfordrar fleire til å prøve. Ho trekkjer fram at ho opplever at opplegget, program, aktivitetar og gjennomføring er godt planlagt og profesjonelt på leirane på Ognatun.

## Såarbeid.

Lillian legg samtidig ikkje skjul på at ungane i dag kan vera meir krevjande enn tidlegare. Mange veit kva dei vil og kan utfordre grenser. Men ho kjem tilbake til hovudsaka og ynskjer å understreke det så sterkt ho kan; -Leirarbeidet er ei livsviktig oppgåve, det er nå vi når ungane. Leirarbeidet er eit såarbeid og det dei får med seg kan få stor betydning når ungane blir eldre, vaksne og får ungar sjølve. Leirarbeidet er ikkje forgjeves og det å bli sett på ein leir kan vera avgjerande for ein unge, det gjev store perspektiv over rolla som leirmor, avsluttar Lillian Skarding.



Leirarbeid er ei livsviktig oppgåve seier Lillian.

SOMMEREN 2019



# LYNGDAL BIBELCAMP

● EGEN KIDSCAMP OG UNGDOMSCAMP ALLE UKER.

● FORSANGERE HVER UKE.

● KOMMEN DU MED CAMPINGVOGN, TELT ELLER BOBIL  
TRENGER DU IKKE FORHÅNDSBESTILLE.

● ONLINE BOOKING AV ROM OG LEILIGHETER SKJER  
PÅ [BIBELCAMPEN.NO](http://BIBELCAMPEN.NO) ELLER TLF 38 33 06 00.

## PROGRAM

### 1-7 JULI

#### TALERE:

ANDREAS EVENSEN OG  
KAREN SOFIE AASMYR

LEIRSJEF:  
TORGEIR LAUVÅS

KONSERT FREDAG:  
DIVISI

FAMILIESAMLING TORSDAG:  
JARLE WALDEMAR

### 8-14 JULI

#### TALERE:

JOHN ROGER NESJE OG  
AUD KARIN K RINGVOLL

LEIRSJEF:  
RAGNAR RINGVOLL

KONSERT FREDAG:  
JUSTIFIED

FAMILIESAMLING TORSDAG:  
SEVEN

### 15-21 JULI

#### TALERE:

OLE MAGNUS BREIVOLD OG  
JOHAN HALSNE

LEIRSJEF:  
KENNETH FOSS

KONSERT FREDAG:  
MORTEN SAMUELSEN

FAMILIESAMLING TORSDAG:  
JARLE WALDEMAR

### 22-28 JULI

#### TALERE:

ERIK FURNES OG  
MARIT & IRENE

LEIRSJEF:  
ROALD EVENSEN

KONSERT FREDAG:  
RETT KURS

FAMILIESAMLING TORSDAG:  
FAMILIEN SULEBAKK & GUTTA

FOR MER DETALJINFO OM PROGRAMMET SJEKKER DU [BIBELCAMPEN.NO](http://BIBELCAMPEN.NO)



# Besteleir

**4.-6. oktober**

Talere:

Lisbeth og Kenneth Hjortland

**Besteforeldre med  
barn i 1-4 klasse er  
velkomne!**

## BØNNE- OG TAKKEEMNE

### Be for:

- Seniorleiren
- Sommarleirane på Ognatun
- Lyngdal Bibelcamp
- Bygland bibel og naturcamp
- Song og musikkhelg på Furutangen
- ImF GF 8.-10. nov.

### Takke for:

- Sammen-helga
- Tre T2 studentar til Rogaland
- Kretsstyre
- Ognatunstyret
- Barnelagsleiarane

# Hausten 2019

## På leir med far, 5-7 år

**6.-8. sept.**

Trond Pundsnes er talar for dei vaksne.

Påmeldingsfrist 19. aug.

## Tenleir

**13.-15. sept.**

Påmeldingsfrist 26. aug.

## Ognatunbasaren

**Torsdag 26. sept.**

Talar: Torgeir Lauvås

Song: DeKor

## Ognatunkafe

Tysdag 08. okt. kl 11.00-14.00

Tysdag 12. nov. kl 11.00-14.00

# Hjelp til ledertrening!

**Leter du etter verktøy for å  
kunne utruste neste genera-  
sjon med ledere?**

Lørdag 24/8 kl 10.00 – 17.00 på Bore bedehus blir det en opplæringsdag på ImF Ung's ledertreningsprogram, kalt unglederNorge. På denne dagen gis det opplæring til å kunne ta i bruk dette opplegget for å vandre sammen med unge ledere i alderen 15-26 år, og kunne gi dem utfordringer og veiledning inn i sin tjeneste. Meld din interesse på mail til [t.nesvag@imf.no](mailto:t.nesvag@imf.no) eller om du skulle ha spørsmål.

Tore Nesvåg



**Mulbadaw Farm på 56 000 dekar i Hanangdistriktet i Tanzania**

**Matsikrings- og vannforsyningsprosjekt drevet med økonomisk støtte og kunnskap fra misjonsvenner i Norge gjennom SHV.**

(Stiftelsen Haydems Venner)

Se mer på [www.mulbadaw.com](http://www.mulbadaw.com)

 Rogaland

## Ekteskapet, barnet og Bibelen i ei kjønnsnøytral tid

Kva skjer? Kva står på spel? Kva kan me gjera?

**Seminarhelg med Øivind Benestad, 25.-27. oktober, Vigrestad Misjonshus**

Øivind Benestad er leiar for organisasjonen «Mor-Far-Barn», og har i mange år delatt aktivt i kampen for å fremja Bibelens bodskap om seksualitet, samliv og familiefellesskap.

**Fredag 25. okt:**

**19.30: Undervisning for kristne leiarar.** Servering. Påmelding: [rogaland@imf.no](mailto:rogaland@imf.no)

**Laurdag 26. okt:**

**Seminar kl 11.00-15.00**

Seminaret er gratis. Kollekt. Inga påmelding. Barnepass heile dagen. Det er mogeleg å delta i dei sesjonane man ynskjer.

**11.00: Kjønnskamp, kultuskamp og kristentru. Kva skjer?**

11.50: Kort pause.

**12.00: Utfordringa frå den radikale kjønnsideologien. Kva står på spel?**

12.45: Lunsj (gratis)

**13.30: Nytt åndsklima. Nye utfordringar. Kva kan me gjera?**

14.20: Kort pause

**14.30: Samtale med spørsmål. Kommentarar og innspel.**

**Sundag 27. okt:**

**10.30: Føremiddagsmøte «Å fylgje Jesus – uansett!»** Søndagsskole for barna.





Trenger du regnskapsfører?

Besøksadresse:

Myrvegen 2, 4344 Bryne  
Welhavensv. 19, 4319, Sandnes  
Møllevegen 4, 4360 Varhaug  
(Felleskjøpet Varhaug 2. etasje)  
Kontakt Jonas Varhaug - tlf. 905 79 580, E-post: post@jarok.no  
[www.jarok.no](http://www.jarok.no)



**Bryne Rør A/S**

Telefon: 51 77 82 00  
E-mail: post@bryneror.no

**VIGRESTAD BYGG**



[WWW.VIGRESTADBYGG.NO](http://WWW.VIGRESTADBYGG.NO)

Tlf: 958 19 505

**Grude Gartneri**  
Brekkeveien 18  
4353 Klepp Stasjon

**Her kan du  
annonser!**

**Le Service A S**  
Leplanting  
Hageanlegg  
Kompoststrø  
+4362 Vigrestad  
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax: 51 43 66 53  
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

**Brit Ege Salongen**  
**Tlf: 51 48 03 72**

**Astor Industri  
Eiendom AS**

**Kringsjå<sup>®</sup>  
Invistering AS**

**GRUDE  
BYGG**

**Vigdel Engineering AS**  
**Telefon 46 41 18 19**  
**Egil@vigdelengineering.no**

**din trafikkskole**  
Tlf.: 464 22 022

**Haugstad Eiendom AS**

Postboks 37  
4369 Vigrestad

**Vardheiveien  
Eiendom AS**

**RIANOR AS**

ALTI ELEKTRISKE INSTALLASJONER  
**Elektrofag Jæren**

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad - Tlf: 51 79 11 70 - [post@elektrofag.no](mailto:post@elektrofag.no)

En god kontakt på Jæren

**EL-PROFFEN**

**WALDELAND MASKIN**  
- Grusbeholder  
- Transport  
- Grauing  
- Gruspark  
- Landbruks  
- Traktor  
- Pressing av rundbeller  
- Vinterveitellskodding  
- Breyting og strøming  
Tlf: 90 79 61 44



**JG MASKIN**  
Jan Gunnar Urdheim - Varhaugavegen 89, 4360 Varhaug  
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - [jaguunnau@online.no](mailto:jaguunnau@online.no)  
• SERVICE • DELER • REPRASJONER

**Odd Narve Grude**  
Næringsbygg  
Tlf.: 90 13 95 19  
51 42 37 99

**BR**  
BRYNE REGNSKAP

Tlf 975 25 110  
[Post@bryne-regnskap.no](mailto:Post@bryne-regnskap.no)  
[www.bryne-regnskap.no](http://www.bryne-regnskap.no)

**MASKINERING &  
SVEISESERVICE**



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

Bli med på en vandring som vil sette spor

# SIRKEL D

Vi starter læringsfellesskapet Sirkel D. Dette fordi vi vil være sammen for å gjøre hverandre til Jesu etterfølgere, som en sirkel av disipler. Gjennom en prosess over ett år inviterer vi deg og din smågruppe til å få undervisning på 6 samlinger og til å samles til 6 egne smågruppesamlinger i tillegg. Målet med prosessen er at vi alle lærer å kjenne Gud på en måte som har betydning for livet i hverdagen.

Sirkel D er tilpasset grupper. Dette kan f.eks. være eksisterende bibelgrupper eller huskirker, men også egne grupper som blir opprettet i forbindelse med dette opplegget. Sirkel D går over 2 semester med 6 kveldssamlinger, og opplegg for en egen gruppesamling mellom de 6 samlingene. Samlingene er tenkt å bestå av flere ulike elementer: undervisning, vitnesbyrd, lovsang, bønn, mat, alenetid med Gud, gruppesamtaler, praktiske oppgaver i gruppene og en utsendelse.

Vi vil starte første Sirkel D søndag 22. september kl 17.30 – 20.30 på Klepp stasjon bedehus. De neste samlingene vil være søndagene 20. oktober, 24. november, 19. januar, 16. februar og 15. mars, samme tidspunkt, varighet og sted hver gang.

**Gjennom disse samlingene ønsker vi å lære å kjenne Gud på en måte som har betydning for livet i hverdagen.**

Det er gratis å delta, men det vil bli mulighet til gi gaver for mat og materiell.  
**Påmelding: imfrogaland.no / 51793880**

